

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Samferdsleavdelinga
Askedalen 2
6863 Leikanger

Inger Aske Lothe
Rygg
6823 Sandane

Sandane 13. oktober 2015

Klage på vedtak i sak 15/8218-6

Viser til brev av 5. oktober 2015, der vi vert informerte om at Sogn og Fjordane fylkeskommune opphevar vedtaket om å gje sonen vår, Johan Lothe, gratis skuleskyss. Vi ønskjer å nytte oss av retten til å klage på dette vedtaket.

I brevet vert det vist til at ”avstanden mellom heim og skule kan verte kontrollmålt av fylkeskommunen, og vedtaket verte oppheva dersom det viser seg at avstanden ikkje er lang nok til at du har rett til fri skuleskyss”.

Johan Lothe bur ved fylkesveg 697 på øvre Rygg. Avstaden frå heimen til Firda vidaregåande skule er vel 6,0 kilometer om ein følgjer den vegen det er mest naturleg for oss å køyre. Frå heimen følgjer vi fylkesveg 697 til Bukta. Der tek vi inn på fylkesveg 615 og følgjer denne til Sandane. I sentrum tek vi til høgre og nyttar Firdavegen opp til skulen. Det er også dette som vert rekna som hovudvegen til skulen. 50 meter før vi er ved velkomstskiltet til skulen, viser km-teljaren 6,0 km. Ved dei næraste parkeringsplassane på Firda er det 6,1 km.

Bussane køyrer i dag til Fridahallen/Trivselshallen og set av elevane her. Det er ikkje naturleg for oss å køyre opp Gotavegen om vi skal køyre Johan til skulen. Det er sett opp bom ved gangbrua mellom Trivselshallen og Firda vidaregåande skule. Såleis er det ikkje råd med gjennomkøyring her.

Busstrafikken ved Fridahallen er stor, og av trafikktryggleiksmessige omsyn har det frå fleire hald vore ytra sterke ønske om å unngå for mykje personbiltrafikk inn i området.

På bakgrunn av dette håpar vi fylkeskommunen vil oppretthalde vedtaket om å gje Johan Lothe fri skuleskyss.

Med venleg helsing

Inger Aske Lothe

Kopi til: Firda vidaregåande skule

